
Vår referanse 2021/16519-3
Dato 29.03.2021

Helge Ivar Sæthre
Radøyvegen 237
5911 Alversund

Løyve - Dispensasjon - Byggjegrænse - Fv. 565 Radøyvegen - Gnr 131 bnr 11 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 26.03.2021.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggjegrensa mot fylkesveg 565 Radøyvegen for å oppføre carport på gnr. 131 bnr. 11 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 25.03.2021.
2. Avstanden frå carport (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 565 skal vera minst 33 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg.
4. Carporten må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 565.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggjegrensene skal ta vare på trafikksikkerheit, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t, og årsgjennomsnittstrafikk (ÅDT) er 3900 køyretøy. Strekninga er klassifisert til Haldningsklasse 2 jf. «Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrænse langs riks- og fylkesveg i Region vest». Det vil seie at vegen har ein overordna regional funksjon, at byggjegrænse vi skal vurderer er 50 meter frå vegmidte, og at vi skal leggje til grunn ei streng haldning ved søknad om dispensasjon frå byggjegrensa.

Tiltaket er søkt plassert 33 meter frå vegmidte. Eigedomens bustadhus er plassert nærare vegen, og omsøkte tiltak kjem ikkje meir i strid med byggjegrensa. Det er opplyst at det er tilstrekkeleg snu-og manøvreringsareal på eigen tomt.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden, vert det gjeve dispensasjon frå byggjegrense langs fv. 565 for å oppføre carport på eigedomens, slik det er søkt om.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift